

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr.3

Hausten 2023

55 . årgang

*God  
hausttid!*



DEN NORSKE  
KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



**KYRKJEVERJE**

Marie Bjornedegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**

Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Opptake? Legg gjerne ett beskjed  
Samtale? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



**ORGANIST**

Sergio Okstad  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR  
Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: hw337@kyrkja.no



**DIAKON**

Solgunn Vårlid Stensæter  
Tlf. 948 65 195  
E-post: ss223@kyrkja.no



**KYRKJETENAR**

Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: nn934@kyrkja.no



**KONTORSEKRETÆR**

Laila Sveen  
Tlf.: 611 21 320/ 911 23 183  
E-post: ls456@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



**BRUFLAT SOKNERÅD**  
Magnhild Claudius, leiar  
Tlf: 94164449  
E-post: magnhildc85@gmail.com



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
Steinar Stenseth, leiar  
Tlf. 975 69 228  
E-post: steinarsten@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE  
FELLESRÅD**  
Anders Grønbekk, leiar  
Tlf. 905 64 184  
E-post: angro53@hotmail.com

# Oppslagstavla

**Bibelordet:**



« ... Så blir dei  
verande desse tre:  
Tru, von og kjærleik  
Og størst av dei er  
kjærleiken.»

*I. Korintarbrev 13, 13*

## Kristent kvinnefellesskap i Valdres

Fyrste måndagen i månaden i  
Thingnes kirke på Fagernes  
kl. 19-21. Alle tek med litt til kveldsmat.  
Måndag 2. oktober er det Marit prest som  
har andakt.

Nokon som har lyst til å bli med?  
Ta kontakt, 913 93 314

## Leige Bruflat menighetshus?



Kontakt Anne Marit Stensæter  
Tlf. 410 47 417

**Temakveld**

Bruflat menighetshus

Torsdag 2. november kl. 18.00

«Vold og seksuelle overgrep, -  
Sjå, førebygge og handtere»

Tidlegare biskop Solveig Fiske og Sebastian Christensen kjem.

Solveig Fiske held foredrag. Ho var i mange år styreleiar for Ressurssenteret mot vold og seksuelle overgrep, eit felt ho, som prest og sjølesøgar, har engasjert seg sterkt i. Senteret har no bytta namn til Vake kirkelig ressurssenter. Sebastian Christensen er tilsett der, samstundes som han jobbar freelance.

Forutan å fortelje frå livshistoria si, vil Sebastian synge. Nokon vil kanskje kjenne att namnet frå Voice på TV2? Heile livet har Sebastian vore opptaken av sang og musikk, både som solist, dirigent, tekstforfattar og komponist.

Det blir enkel servering og samtale, og arrangør er Diakoniutvalet.



**Temakveld**

«Å leve med demens i et moderne samfunn»

Bruflat menighetshus

tysdag 3. oktober kl. 18.00

Spesialsjukepleiar Liv Karin Kval:

Arr.: Demensgruppa i Etnedal helselag



**Forsidefoto: Elisabet Kostøl Norling**

**Visdomsord**

I gledens stund skal man ikke gi løfter -  
i vredens stund skal man ikke svare på brev.  
Kinesisk ordspråk

## TV-aksjonen 2023 (Sjå s. 9)

**22. oktober**

**REDD BARNA**

Ta godt imot bøsseberarane

## PRESTENS HJØRNE

Vi har hatt ein innhaldsrik sommar og haust, både på godt og vondt. Det er slik livet er, men stundom kjem det større gleder og utfordringar både på det personlege planet og i fellesskapa våre.

Vi har opplevd både tørke og flaum i sommar, og eg har tenkt mykje på jordbrukskarane våre denne tida. Fyrsteslåtten tørka i stor grad bort, før regnet kom og tok mykje av andreslåtten. Avlingssvikten har ført til at fleire må slakte ned delar av besetningen sin. Det er ille for bøndene sjølv, men også for matberedskapen.

Midt oppe i alt kom ekremveret «Hans», som raserte både vegar og jorde, og øydeløfta mykje for mange. (sjå glimt s. 12) Det var uggent, og vi kjende uroa i oss. Etnedal kommune sette tidleg krisestab. Kriseleninga styrte gode tilsette i kommunen og innleide entreprenørar, Frivillige var også hjartelag til stades. Alle gjorde ein kjempejobb. Nokon døgnet rundt. Dei fortener ein stor takk for arbeidet dei gjorde for oss alle!

I slike situasjonar lærer vi samhald, og eg tenkjer at vi generelt må dreie tanken litt, slik Halldis Moren Vesaas skreiv i eit dikt, skreve under andre verdskrig, utgjeve fredsvåren 1945; «Det heiter ikkje eg no lenger, heretter heiter det vi»

Eit innlegg på face-book under ekremveret, skreve av Odd Geir Brateng, etter ein tur til Bagn, gjorde inntrykk på meg. «...har diverse pumper, aggregat og anna som kanskje kan hjelpe ... og om nokon må reise frå alt, så har mø diverse barneklær..» Omtanke. Det er mange gode menneske i Etnedal, og vi kan alle vere med å dyrke godleiken.

Vi har på mange, mange område, både målretta, gode og flinke menneske i Etnedal. Eg dristar meg til å



nemme to. Fyrst Irene Bachér, som er omtala i denne KyrkeVarden. Ho sette seg som mål å sykle Oslo-Paris saman med Rynkebygjengen for å støtte forskning på barnekreft. Førebuinga tok tid, lang tid, men ho ga ikkje opp. Strålende gjort, Irene!

Den andre er Joachim Skåren, som nyleg fekk VM-bronsje i handbak. Han har lagt ned utallige treningsstimar for å nå så langt. Gratulerer! Vi er svært mange i Etnedal som er stolte tå deg.

Det gjeld å sette seg mål, uansett kva ein er opptakten av. På bordkalendaren min for 8. september står denne teksten:

**«Å ta ett skritt – å velge ett mål og holde fast på det – forandrar alt. (Scott Reed)**

Så sant! Det er utruleg kva vi kan få til, viss vi vil.

Det startar gjerne med eit lite skritt, alt startar med eit lite skritt....

### Ei irsk velsigning – også for små skritt

«Må din vei komme deg i møte,  
Vinden alltid vere bak din rygg,  
Solens lys leke på ditt kinn,  
regnet falle vennlig mot din jord.  
Og må Guds gode hånd verne om deg  
til vi møtes igjen.»

Marit prest



## Tankevekkande ord frå ein av konfirmantane våre på 1990-talet: **Min draum for jorda og dei som lever der**

Det viktigaste av alt på jorda, er at menneske kan leve saman i harmoni utan krig, uvenskap og ondskap. Å reinske all ondskap ut av verda trur eg er umogleg, men at det kan bli betre er det ikkje tvil om. Kvifor er det krig?? Det gjer berre vondt verre både for dei som er innblanda og for dei som sit på sida og ser på. I Kosovo drep dei menneske for å få slutt på dreiping av andre menneske. Kvar er logikken? Min draum for jorda og menneska som lever her er fred og slutt på ondskap. Korleis ville verda vore om alle hadde like mykje? Noko må kunne gjerast. Eit menneske kan ikkje utrette veldig mykje på eigenhand i den store samanhengen. Men fleire dråpar i havet blir fort meir enn vi trur.

Pusen til Tutta Solberg har vore djupt sakna i fleire veker. Tutta, og vi andre, har enno håp om at han kan kome heim.

Tips i saka?  
Ring Tutta,  
tlf. 415 79 963  
eller underteikna,  
913 93 314

Marit prest



## Kvardagsglede

Dette diktet, av Kristen Tandberg, har vi fått av Agnar Tandberg. Med stor takk, prentar vi det i KyrkeVarden.

### DEN GODE DAG

Ei geit  
eit kamera  
og ein til klemme av

Ei geit  
med dygd og vett  
til halde seg i form

På kne på mosekrota stein  
ho tøyer ut sin hals  
og klår seg kvast og godt

Og eg med kamera  
på nåler står  
i kamp  
mot tidens monotone gang

Nett det vart beste skot  
eg nokon gong har gjort

Til takk  
eg bydde ho min arm  
og fekk ho med  
på kaffelag

Brød og loff med ost og kjøtt  
ho tog så slevja rann

Til slutt  
så stal ho siste skiva  
frå min munn

Då sprang ho bort  
til følgjet sitt  
og mekra mett og blid



No fekk eg sjå  
ei lita myr  
med moltebær  
så gul som månen  
i den klåre natt

Slik diska fjellet opp  
på denne dag

Kristen Tandberg

# Pilegrimar på Kyrkjesletta

Etter to regntunge dager strålte sola over Kyrkjesletta onsdag 26 juli, då atten pilegrimar kom gåande frå Goaren på veg til Slidredomen og feiring av Nasjonaljubileet i Noreg 1000 år.

Porten inn på sjølve Kyrkjesletta var pynta med norske flagg, som saman med lyst og fint vær og alle menneska, skapte ei fin ramme rundt staden.

Nord Etnedal sokneråd og to frå kyrkjestaben hadde førebudd seg på å ta imot pilegrimane som kom vandrande frå Goaren.

Dette var ein del av Nasjonaljubileet Noreg i 1000 år. Etter stopp på Kyrkjesletta gjekk dei vidare til Nytnun Høyfjellsstue for overnatting, og vidare oppover Valdres, mellom anna med ei overnatting ute ved Mellsen.

Målet for turen var gudstjeneste i Slidredomen 29. juli med folkefest i hagen til Slidre prestegard.

På Kyrkjesletta fekk dei servert majel laga av Anna Kompen, heimlaga boller, frukt, kaffe og drikke.

Kari Borgny Fjelltun ga ei kort informasjon om kyrkjestaden og historia bak.

Det var mykje song, Eli Vatn held andakt og Helena Wright spelte på hardingfele og lyre, eit instrument frå middelalderen.


Jan Arne Sebuødegård ringte til andakt på kyrkjestaden både då dei kom og då dei gjekk vidare. Han hadde også laga pilegrimstavar til kvar pilegrim. Eli Vatn sin leiarstav var tyngre og større en dei andre sine.

Det var ei særslig stund med historisk sus over seg.


Oddbjørg Løvlie Hagaseth

## Nasjonaljubileet i Noreg 1000 år

**Valdres si feiring i år er knytta til Olav Haraldsson, Olav den heilage, si ferd gjennom Valdres i 1023. (Hovedfeiringa blir i 2030, 1000 år etter slaget på Stiklestad.**



Kyrkjesletta på Dalen - Porten inn til Kyrkjesletta var pynta med norske flagg ein fredeleg plett på jorda.



Jan Arne Sebuødegård ringte inn til andakt



Vandrarane, med Eli Vatn og Kari Borgny Fjell-tun i spissen, kjem til Kyrkjesletta.



## ØNSKEDIKTET

## VÅR SALME

Svein Arve Kringli har valgt dikt i denne utgaven av Kyrkjevarden.

Først vil jeg takke syste (Gerd Bergene) for utfordringen. Vi lever travle liv, og alle har godt av å roe ned innimellom. Jeg synes diktet passer godt i en stressende hverdag.

Jeg vil utfordre Kåre Stubbene til å velge ønskedikt i neste KyrkjeVarden.

### Den annsame

Av Jan-Magnus Bruheim

*Han har ikkje stund til å stogge  
og ikkje tid til å sjå.*

*Menneske som han møter  
dei ansar han aldri på.*

*Mangt har han å rekke over.*

*Det gjeld um å fara fort.*

*Mykje var det å gjera.*

*Det auka dess meir han fekk gjort.*

*Så lid det til endes med dagen.*

*Han står der, studd over stav  
og spør: Kva har livet gjeve  
og kvar har det vorte av?*

*Slik jaga han gjennom livet  
utan å få det fatt.*

*Ei glede sprang etter på vegen  
men nådde han aldri att.*

Svein Arve Kringli



Det er få salmer vi har en tilknytning til, men dette er en av dem.

Når man melker en tidlig morgen i desember, og denne salmen kommer på radioen, da blir det julstemming i fjøset.

Vi ønsker å sende stafettspinnen videre til kongen av Solbu, nemlig Øyvind Fagernæs!

Sara og Albert  
Bråten  
Asbjørnsen



### Velsigna du dag over fjordan

*Velsigna du dag over fjordan,  
velsigna du lys over land.  
Velsigna de evige ordan,  
om håp og ei utrakt hand  
Verg dette lille du gav oss,  
den dagen du fløtta oss hit,  
så vi kjenne du aldri vil la oss forkomme  
i armod og slit.*

*Vi levde med hua i handa,  
men hadde så sterk ei tru.  
Og ett har vi visserlig sanna:  
vi e hardhausa vi som Du.  
Nå har vi den hardaste ria,  
vi slit med å kare oss frem  
mot lyset og adventsti'a  
D'e langt sør til Betlehem.*

*Gud fred over fjellet og åsen,  
la det gro der vi bygge og bor!  
Guds fred over dyran på båsen  
og ei frossen og karrig jord  
Du ser oss i mørketids landet,  
Du signe med evige ord  
husan og fjellet og vannet  
og folket som leve her nord.*

22.OKTOBER 2023



TV-AKSJONEN

I år går TV-aksjonen til Redd Barnas arbeid for å hjelpe barn rammet av krig og konflikt. Sammen kan vi gi over 100 000 barn mulighet til å leke, lære og leve i fred.

Redd Barna er til stede der barna trenger det, og bidrar til at barn og de som stiller opp for dem, får hjelpen de trenger. Det er de frivillige og feltarbeiderne i nærmiljøet som er de ekte heltene. De bidrar til at barna får en tryggere barndom.

Midlene skal gå til tiltak som gjør familiene, skolene og nærmiljøene tryggere for barn.

Sammen skal vi:

- Hjelpe barn med å håndtere vonde opplevelser, gi helsehjelp og riktig ernæring.
- Gjenforene barn og familier som har kommet bort fra hverandre.
- Sikre trygg vei til og fra skolen og trygge klasserom der barna kan lære.
- Tilby barn trygge områder i nærmiljøet der de kan leke og le

Pengene skal fordeles mellom prosjekter i Ukraina, Syria, Bangladesh, Sør-Sudan, Den demokratiske republikken Kongo og Norge. I Norge skal vi hjelpe barn som har flyktet fra krig og konflikt.

Selve aksjonsdagen er 22.oktober.

For meir info. sjå  
[www.tvaksjonen.no](http://www.tvaksjonen.no)

TV-aksjonskomitéen  
Kjell Jørgensen  
Trude M. Ruud  
Hilde Kolstad  
Allic L Nermoen  
Jane Iren Solbrekken-Nygård

Foto: Redd barna



# Irene frå Etnedal sykla Oslo-Paris med Team Rynkeby



**Irene, snart 55 år, sykla saman med dei 26 andre deltakarane på Team Rynkeby Innlandet, 150 mil frå Oslo til Paris i sommar! I 9 dagar sat ho på sykkelmanget, stort sett mellom 9-10 timer kvar dag for å nå målet.**

Lite visste nok Knud Vilstrup frå bedriften Rynkeby Foods i Danmark omfanget av kva han sette i gang i 2001. Han hadde fått konstatert røykelunger og ville foreta seg noko for å bli sunnare. Men røykeslutt syntes han ikkje var eit alternativ! Så fekk han ein god idé på korleis koma i betre form samstundes som det gav han ein opplevelse. Valget falt på å sykle til Paris for å sjå innspurten av Tour de France, og han fekk med seg 10 arbeidskollegaer. Arbeidsgiver og fleire andre bedrifter gav støtte til turen. Turen viste seg å gå med overskot; som dei valgte å donere til barnekreftavdelinga ved Universitetssjukehuset i Odense. Ein tradisjon var født. Dette vart starten på det veldedighetsprosjekt som eksisterer ennå i dag, der antall deltakarar og sponsorar veks frå år til år.

I år deltok ca. 2300 syklistar frå 9 forskjellige land; totalt 65 lag, pluss 538 servicepersonell.

Norge har vore med i prosjektet sidan 2014 og samlar inn pengar til forskning på barnekreft.

I år var det med 9 lag frå Norge. Laga blir stort sett delt opp fylkesvis. Og Innlandet stilte også med eige lag -Team Rynkeby Innlandet. Og det er her den spreke dama frå Steinsetbygda kjem inn!

Dette må du fortelja meir om, Irene!

## Kvifor meldte du deg på denne turen?

-Eg vart vel meir eller mindre tilfeldig utfordra av Lars Tvene i 2019 (ein annan deltaker frå Valdres) som var innom Europris for å skaffe sponsor til den eine turen han skulle være med på. Lars meinte at eg også absolutt skulle melde meg på. Eg sa vel og tenkte at «ja jøss, særleg at eg skal det!» Men etter å ha leika med tanken ei stund og lese meg opp på kva for verdiar Team Rynkeby har, så bestemte eg meg for å melde meg på. Men den aller viktigaste årsaken og ikkji minst motivasjonen til å melde meg på, var at eg mista eine niesa mi i hjernekreft i 2000. Marita vart 9 ½ år gammal.

I tillegg er det jo ein helsegevinst i det å trenere og å

tøre på seg, så det å koma i litt betre form var også ein motivasjonsfaktor.

Eg tenkte at det hadde vore ålrait å hatt med seg nokon eg kjente godt, så eg ringte eine syster mi (Tove), og sa: «veit du kva du og eg skal gjera neste år?» Då eg sa me skulle sykle Oslo-Paris, trudde ho det hadde rabla for meg. Men ho tok utfordringa og me meldte oss på til turen 2020. Det året vart turen til Paris avlyst pga.covid 19, men me gjennomførte ein Norgestur saman med dei andre norske laga. Team Innlandet starta denne turen på Fagernes, sykla over Valdresflya og ned til Halden. Ein veldig fin 5-dagers tur, men Halden er liksom ikkje det same som Paris...så både Tove og eg meldte oss på att i 2021. I håp om å koma oss til Paris.

Men heller ikkje i 2021 vart det Paris. Det vart endå ein fin Norgestur som starta på Slobrua i Skarnes og endte i Trondheim. Dette var ein 7 dagers tur.

Då det var dags for å melde seg på til ny tur i 2022, valgte både Tove og eg å ikkje melde oss på. Me hadde vel kanskje ikkje heilt trua på at det heller ikkje dette året skulle bli nokon Paristur-noko det sjølv sagt vart! Så det var med litt tungt hjarta eg sat og fylgde med på nettet på alle etappene sørover til Paris det året.

## Kan du fortelja litt om førebuingane til ein slik tur, Irene? Det trengs vel meir enn ei runde rundt Steinsetfjorden for å hive seg med på ein slik tur?

Haha! Det trengs nok «litt» meir enn ein tur rundt Steinsetfjorden, ja. Det krev mange timer/ dagar/kveldar med eigentrening, samt fellessamlingar med resten av laget frå Innlandet. Kravet er at alle som skal være med på turen, skal ha sykla 250 mil før me startar på den 150 mil lange turen til Paris.

I tillegg må kvar enkelt skaffe sponsorar, som går til forskning på barnekreft. Deltakerne betaler alle kostnader med turen sjølv. Dvs, utgifter til sykkel, klær, overnatting, mat og drikke, drivstoff osv.

## Fortell litt om Team Rynkeby Innlandet. Var det fleire frå Valdres med på laget i år?

Ja, me var 4 stk frå Valdres. Eg og Tove (syster mi) pluss Vidar Hilmen og Lars Tvene. Me fire har også sykla Norgesturane i lag, har trent saman her i Valdres, så me kjänner kvarandre svært godt og er eit veldig fint firklover. I tillegg til oss fire var det i år også med ein utflytta etnedøl på Team Innlandet, Ole Kaare Lunde, son til Anne Mette og Ola Lunde, som også har mista ein liten gut i kreft.

Totalt på Team Innlandet i år var me 28 syklistar i alderen 34-77 år. I tillegg var det med eit heilt unikt og uunværlig serviceteam på 7 personar. Ein fantastisk gjeng som bla. sytte for mat, drikke og støtte underveis. Utan dei hadde me ikkje kunne lagt ut på denne turen!

## Fortell litt om turen i år, Irene. Endeleg skulle du få sykle til Paris!

Det var ein fantastisk tur! Eit minne for livet og ein draum som endeleg gjekk i oppfylling.

**DAG 1:** 7.juli møttes 200 syklister ved Rikshospitalet – klare for å sykle Oslo-Paris. Det var sterke inntrykk og ei fin påminning av kvifor me syklar denne turen. Kvart tråkk skulle bidra til forskning på barnekreft. Fyrste dagen sykla me i strålende sol til Tanumstrand i Sverige. 12 timer på tur og 209 km.

**DAG 2:** Tanumstrand-Göteborg, i overkant av 15 mil. Frå Göteborg tok me ferje til Kiel.

**DAG 3:** Kiel- Egestorf. 10 timer på tur og 190 km i steikande sol og 35 grader!

**DAG 4:** 20 mil lang etappe frå Egestorf til Wallenhorst, sør i Tyskland.

**DAG 5:** turens korteste etappe. 125 km med start i Wallenhorst og ankomst Borken, som er ein by, og hovedstad i distriktet med same navn.

**DAG 6:** Starta frå Borken etter frokost, sykla gjennom Nederland og avslutta dagens etappe i Belgia

**DAG 7:** Dette var dagen då me sykla den berykta bakken Mur de Huy i Belgia. Ein opplevelse i seg sjølv, trass ei etappe på 178 km og vel 2200 høgdemeter. Denne bakken er berykta og eit spenningsmoment for alle som sykler på Team Rynkeby. Bakken er 1.2 km lang og stig 204 meter med 26 % helning på det meste. Alle kom seg til topps!

**DAG 8:** Dagens etappe gjekk frå Belgia til Frankrike. 21 mil på sykkel gjennom Frankrikes jordbruksområder og heftige 33 varmegrader.

**DAG 9:** Sjarmøretappa og målet nådd! Det vart eit emosjonelt og sterkt augeblick då me svinga inn i parken i Paris (som heiter Prairie du Cercle Sud) og vart møtt av eit folkehav som heia og jubla for alle laga. Der stod støtteapparat, pårørande, familie og vener og tok i mot



oss. Mange føelsa, gråt, latter og ei enorm glede over å ha fullført dette eventyret! For det er akkurat dét det har vore- eit eventyr utan like.

Eg angrar ikkje på at eg har vore med på desse tre turane. Eg har fått væra ein del av eit fantastisk Team Rynkeby Innlandet, der teamet har vore samansett av deltakarar som har mista borna sine i kreft, andre har hatt born som har vorte friske av kreft, medan andre har vore med fordi dei synes det er eit fint tiltak og vil være med å bidra til forskning av barnekreft. Me levde i ei felles og intens boble desse 9 dagane, og eg kjem til å sakne alle på laget og det fine fellesskapet me hadde. Eg har fått mange nye venner, sett mange fine byar og flott natur. Me har vore ein samansveisa, sosial og fin gjeng på tur. Nesten som å ha fått ein ny familie. Men det er ingen ferietur me har vore på! Opp kvar morgen kl. 06, klare til å sitja på sykkelsetet kl 07:30 og 10-12 timer på sykkel kvar dag. Ikkje langt unna livet til ein toppidrett-sutovar. Men absolutt verdt det!

Så langt i 2023 har Team Rynkeby samla inn totalt 100 millioner kroner til Barnekreftforeningen, som skal gå til meir forskning av barnekreft.

**Eg er så imponert over deg, Irene! Har du meldt deg på til neste år att? Og kva vil du seia til dei som kunne tenke seg ein sykkeltur frå Oslo til Paris med Team Rynkeby?**

Nei, eg har ikkje meldt meg på til neste år att, men eg kan verkeleg anbefale dei som har lyst, til å melde seg på. No er fristen for å melde seg på til turen 2024 utgått (søknadsfristen gjekk ut 31.august) men meld dikkan på til året 2025. De vil ikkje angre. Samstundes som de kjem til å tro for ein viktig og god sak.

Takk for praten, og for at du delte opplevelingane dine med oss. Det er berre å ta av seg hatten for det du har gjort. Gratulerer med vel gjennomført tur- You rock!

Så til alle oss andre: Då er det berre å byrje å trenere til Oslo-Paris med Team Rynkeby 2025. Kanskje kan det bli mange nok deltagarar til å stille eit eige Team Rynkeby Etne!



Irene (til venstre) saman med ein gjeng frå Team Rynkeby

Wenche  
Hillestad Møller

## Ektremveret «Hans»

Ekstremveret sette spor også i Etnedal, men samanlikna med nabokommunar i sør og vest, vart vi spara for mykje. Rett nok vart nokon evakuert, det gjekk ras på jorder og i bratte skråningar, småbekker og -elver tok nye løp. Og stor og mektig overfløynde Etna både områder i Sør-Etnedal og på Nordsinni. Heldigvis vart ingen skadd, eller mista livet verken her eller andre plassar.

### Glimt frå bygda vår



Slik såg det ut på Etnedal skule få dagar før skulstart. Foto: Sverre Sandberg



Ellevatnet fløynde over i Sør-Etnedal og tok med seg delar av Madslangrudvegen.

I skrivande stund er vegen endå stengt frå bruva ved Etna familiecamping og over til Mosletta.

Foto: Marit Slettum



Etna gjekk høg og stri ved Lundebrue.  
Foto: Linda Mæhlum Robøle



Frå Fjellslna



Etna gjekk høg og stri ved Lundebrue.  
Foto: Linda Mæhlum Robøle

## BLÅFLAT GARD

### Aktivitetar hausten 2023

- 29. september: Fredagshils med Etnedal Utvikling.
  - 30. september: Opning av kulturdagatn på Blåflat, med Husflidslagets handverksmesse, kulturskuleinnslag og song av Bruflat sangkor offisiell opning ved Ordførar.
  - 7. oktober: Vaffellaurdag med foredrag av Arne Erik Fønhus.
  - 21. oktober: Vaffellaurdag med foredrag av Audun Bratrud – «Vinterbrøyting av Tonsåsen 1926-32»  
Vennelaget har medlemsfest på kvelden
  - 27. oktober: Open pub
  - 8. november: Konsert med Erik Lukashaugen 19-21 (billetsalg)
  - 17. november: Open pub
  - 18. november: Vaffellaurdag med foredrag av Ole Knut Steinset.
  - 2. desember: Vaffellaurdag og julemarknad med Husflidslaget.
- Husflidslaget skal ha treff to kveldar kvar månad, følg med på facebook-sida deira.

Arrangement blir publisert på facebook-sidene til vennelaget og stiftelsen.

Følg med   
(Med forbehold om endringar)

## Teatertur til Folketeateret i Oslo



Etnedal  
helselag

Lørdag 11. nov kl 14.30  
Forestilling: Saigon

Vi har 40 billetter.  
«Saigon» har fått god kritikk, terningkast 6.  
Det vil bli satt opp buss.

**Pris:**  
kr 750,- for medlemmer  
kr 850,- for ikke medlemmer  
Innbetales til vår kasserer Eric Lunde, kto  
2140.20.02295

**Påmelding til**  
Elna Kvedalen, tlf 918 266 74,  
førstemann til mølla prinsippet...

## Høstkryss og KVISS

### HEIA NORGE

#### VANNRETT:

- 1: Ekstraskatt
- 4: Hovedstad
- 6: Lage uorden
- 8: Forflytte raskt
- 10: Guttenavn
- 12: Olympiade
- 13: Drikk

#### LODDRETT:

- 1: OL 2006
- 2: To like
- 3: Norsk forfatter
- 5: Lys
- 7: Feriehus
- 9: Jentenavn
- 11: Inger Leifson

Etnedal  
helselag

### Nasjonalforeningen for folkehelsen Etnedal helselag

#### To Stipend a kr. 10.000 til etterutdanning for sjukpleiarar/vernepleiarar og helsefagarbeidrarar

Etnedal helselag sine stipend har som formål å påskjonne sykpleiarar/vernepleiarar og helsefagarbeidrarar, busett i Etnedal, som i inneverende år er i gang med, eller har fullført etterutdanning innan sitt fagfelt.

Høyrer du til ei av desse faggruppene, er du velkommen til å søke.

Etnedal Helselag er ein organisasjon tilslutta Nasjonalforeningen for folkehelsen. Våre verdiar er omsorg, solidaritet, trivsel og kunnskap.

Samfunnet har behov for fagfolk med god og relevant kompetanse, og for den einkelte er det av stor betydning å møte gode medmenneske med rett fagkompetanse når man står i vanskelege og sårbare situasjoner.

**Søknad til:** Etnedal helselag ved leiar Marit Slettum, marit.slettum@etnedal.kommune.no innan 15. oktober 2023

## INFO FRÅ KYRKJEKONTORET



Lenningen seterhus leies ut til lag/ foreninger og privatpersoner i Etnedal kommune.

Ta kontakt med kirkekontoret for spørsmål om leie.

#### Utleiepriser:

##### Privatpersoner:

|                              |     |        |
|------------------------------|-----|--------|
| 1 dag/ kveld:                | kr. | 500,-  |
| 1 døgn:                      | kr. | 1000,- |
| Helgeopp hold (fre. - løn.): | kr. | 2000,- |
| Langweekend                  | kr. | 3000,- |
| 1 uke:                       | kr. | 5000,- |
| Påsken:                      | kr. | 8000,- |

##### Lag og foreninger:

|                              |     |        |
|------------------------------|-----|--------|
| 1 dag/ kveld:                | kr. | 500,-  |
| 1 døgn:                      | kr. | 1000,- |
| Helgeopp hold (fre. - løn.): | kr. | 3000,- |
| Langweekend                  | kr. | 4000,- |
| 1 uke:                       | kr. | 6000,- |
| Påsken:                      | kr. | 9000,- |

### Privat huskeregel

Du skal ikke klistre fine øyeblikk opp på veggene i tankene og forgylle dem med lengselen din. Du skal kjøre spettet hardt innunder arrete hverdager og vippe dem opp. En etter en. Det er derfor livet har deg på mannskapslisten.

Kolbein Falkeid

### ØYEBLIKK

I magien - og i livet - finnes bare øyeblikket, NÅET. Tiden måles ikke på samme måte som avstanden mellom to punkter. Tiden "går" ikke. Vi mennesker har enorme vanskeligheter med å leve i øyeblikket; vi tenker alltid på hva vi har gjort, på hvordan vi kunne ha gjort det bedre, på konsekvensene av det vi har gjort, hvorfor vi ikke gjorde som vi burde ha gjort.

Paulo Coelho

 **Etnedal kommune**

- Minst og best -

**Kommune-info**  
Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunes facebook-side

## Kulturdagatn 2023

### Fredag 29. september til sundag 8. oktober

| Dag                      | Tid           | Aktivitet  | Stad                    | Arrangør /ansvar  |
|--------------------------|---------------|--|-------------------------|---|
| Fredag<br>29. september  |               | Tjuvstart: Fredaghils med kulturtema   | Blåflat gard            | Etnedal Utvikling Stiftelsen Blåflat gard   |
| Laurdag<br>30. september | 11.00 - 16.00 | Opning av Kulturdagatn med handverksmarknad<br>Kl. 12.00 Offisiell opning ved ordførar og kulturskulen<br>Kl. 13.00 Opning av kunstutstilling ved Etnedal kulturskule<br>Kl. 14.30 Seniordansen på tunet<br>Kl. 14.45 Kåring av Blåflat-votten | Blåflat gard            | Etnedal husflidslag<br>Blåflat gards venner<br>Etnedal kulturråd<br>Etnedal kommune     |
|                          | 13.00         | Konsert med Treak (Marit Karlberg, Ingrid Fossum og Ingeborg Onstad)   | Etnedalsheimen          | Den kulturelle spaserstokken/<br>Etnedal kommune  |
|                          | 13.00-15.00   | Open kyrkle med omvisingar   | Bruflat kyrkje          | Kyrkja i Etnedal  |
| Sundag<br>1. oktober     | 11.00         | Gudsteneste: 18. sundag i tree-nigheitstida  | Bruflat kyrkje          | Kyrkja i Etnedal  |
| Måndag<br>2. oktober     | 11.30         | Dans med Etnedal seniordans  | Etnedalsheimen          | Etnedal seniordans  |
|                          | 11.00         | Songstund med kaffi og kake  | Blåflat gard            | Dagsenteret/<br>Etnedal kommune<br>Blåflat gards venner<br>Den kulturelle spaserstokken |
|                          | 13.00         | Konsert med kulturskulen   | Etnedal skule           | Etnedal kulturskule   |
| Tysdag<br>3. oktober     | 9.30          | Konsert med kulturskulen   | Eventyrskogen barnehage | Etnedal kulturskule   |
|                          | 18.00         | Konsert med Etnedal kulturskule og Bruflat sangkor   | Etnedal samfunnshus     | Etnedal kulturskule   |
|                          | 18.00         | Temakveld: «Å leve med demens i et moderne samfunn» med spesialsjukepleiar Liv Karin Kval  | Bruflat menighetshus    | Demensgruppa i Etnedal helselag   |
| Onsdag<br>4. oktober     | 15.00         | «Steinaldertimen» ved Etnas bredd<br>Uteforedrag og avduking av informasjonsskilt  | Hellefossen rasteplass  | Etnedal kommune<br>Innlandet fylkeskommune  |

 **Etnedal kommune**

- Minst og best -

|                       |             |  |                         |  |
|-----------------------|-------------|--|-------------------------|--|
| Torsdag<br>5. oktober | 13.00       | Konsert med kulturskulen   | Etnedalsheimen          | Etnedal kulturskule                        |
| Fredag<br>6. oktober  | 09.30       | «Mikkel er jammen lur!»  | Eventyrskogen barnehage | Etnedal kommune/Den kulturelle skulesekken |
|                       | 18.00       | Kulturkveld med utdeling av kulturpris   | Etnedal samfunnshus     | Fridom ungdomslag Etnedal skilag           |
| Laurdag<br>7. oktober | 10.00-13.00 | Laurdagsope bibliotek  | Etnedal folkebibliotek  | Etnedal folkebibliotek                     |
|                       | 12.00       | «Jeg fant, jeg fant - sa Askeladden» Teater for barn med Askeladden Friteater            | Etnedal folkebibliotek  | Etnedal folkebibliotek                     |
|                       | 12.00-15.00 | Vaffellaurdag på Blåflat gard<br>Kl. 14.00 Foredrag om Mikkel Fønhus v/ Arne Erik Fønhus | Blåflat gard            | Blåflat gards venner                       |

## Konsert med trioen Treak

### 30. september kl. 15.00 på Blåflat gard

Velkomen til ein stemningsfylt konsert i storstugu på Blåflat gard, på opningsdagen av Kulturdagatn.

Dette blir berre nydeleg!

Konserten er ein del av programmet for opninga av Kulturdagatn, der Etnedal husflidslag, Blåflat gards venner, Etnedal kulturskule og Etnedal kommune går saman om innhaldet.

Inngang på opningsdagen og konserten er gratis.


*Kulturkontoret*



 Etnedal kommune 

- Minst og best -

## Konsert med Erik Lukashaugen



8. november kl. 19.00 på Blåflat gard

Nå blir det storfint besøk i finstua. Erik Lukashaugen er en av landets travleste visesangere, mye på grunn av sine prisvinnende tonesettinger av diktene til tømmerhuggeren Hans Børli.

Gjennom lyrikken og musikken tar elverumsingen sitt publikum med på en vandring inn i de dypeste granskoger hvor sanger om skogsarbeiderslit, allemannsrett, drømmer og samfunnsengasjement serveres i skinnet fra tyribålet. Lukashaugen er selv en kritikerrost tekstforfatter, og krydrer konserten med noen av sine mest populære viser ispedd noen klyper lun humor.

Denne novemberkvelden tar han med seg sine stemningsfulle viser til Blåflat gard i Etnedal. Vi lover intim og magisk stemning.  
Inngang: Kr. 220  
Billett kan kjøpes på forhånd på [www.deltager.no](http://www.deltager.no)

Arrangører: Stiftelsen Blåflat gard, Etnedal mållag, Bruflat sangkor og Etnedal kommune.

## Lunsjsamling ved omsorgsbustadane 29. juni



Jorunn Bergsbakken trylla fram gode trekkspeltoner etter rummegraut - og kaffeservering. Elles var det sang og «fugleviss»



Triveleg bordsete  
Diakoniutvalet var arrangør

## N. Lenningen 5. august



Anna Kompen sørga for rummegraut til over 40 gudstenest-edeltakrar



På hesteskokastinga fekk Arne Brunes frå Åfjord i Trøndelag eit napp i vandrefatet.  
Her er vinneren Arne Brunes, saman med Frida Brunes, Lilly Brunes og Marit prest  
Foto: Privat

## Frå gudstenesta 3. september med besøk av Brødrerøster frå Hamar og omegn

Det var ei festoppleving, og mange kom for å høre, men det kunne vore endå fleire. Fellesskapskonsulent Ståle Sandbekken frå Normisjon, ga oss også ei akutt preike, der vi kjende at det er bruk for oss alle.

Etter messa serverte Normisjonskontakt Kåre Johansen, saman med Ann-Louise Eivik og andre gode hjelparar, rundstykker med molte.

Foto: Nils Kjell Nilsen



## DÅPSHØGTIDER i Bruflat kyrkje



**Maria Fjeld, døypet i Bruflat kyrkje 27. august, saman med foreldra**

Anette Kvale Rye og Fredrik Fjeld, fadrane Stine Merete Rogne, Lydia Lineikro, Trond Bergeid og Håvard Brusveen, storesyster Anna og Marit prest.



**Iver Øien-Lunde, døypet i Bruflat kyrkje  
2. juli, saman med foreldra Ola Elling  
Øien og Bergljot Hedda Lunde.**



**Ingrid Rotnes vart døypet 25. juni.**

Foreldra Synnøve Bratvold og Sondre Rotnes og storesyster Solveig på mammas arm. Fadrane Liv Maren Bratvold, Gulbrand Bratvold, Per Ole Bratvold, Vilde Bergmann Rotnes og Aurora Garstad Rotnes Larshus.

## DÅPSHØGTID i Nord-Etnedal kyrkje 18. juni



**Dåpsbarnet Even  
Hagasæt Gjevre  
med foreldra Anette  
Hagasæt og Steffen  
Gjevre, storebror  
Vetle og fadrane  
Andreas Hagasæt,  
Lene Hagasæt og  
Betina Gjevre**

## VIGSELSHØGTIDER



**Marianne Fauske og Henning Byfuglien vart  
vigde i Bruflat kyrkje 24. juni.  
Foto: Siri Berntsen**



**Gine Lundstein og Eivind Fosheim vart vigde i  
Bruflat kyrkje 19. august  
Foto: Privat**

## Løsning, kryssord

| VANNRETT: | LODDRETT: |
|-----------|-----------|
| 1: TOLL   | 1: TORINO |
| 4: OSLO   | 2: LL     |
| 6: ROTE   | 3: LOE    |
| 8: ILE    | 5: SOL    |
| 10: NILS  | 7: TELT   |
| 12: OL    | 9: ÅSE    |
| 13: TE    | 11: IL    |

- FASIT:**
- 1) Maria og Josef på vei til Betlehem. Luk 2,3-5.
  - 2) Jesus-barnet i krybben. Luk 2,16.
  - 3) Jesus blir døpt. Matt 3,16-17.
  - 4) Jesus gjør vann til vin i bryllupet i Kana. Joh 2,1-9.
  - 5) Jesus stiller stormen. Matt 8,23-26.
  - 6) Jesus velsigner barna. Matt 19,13-15
  - 7) Jesus vekker Lazarus opp fra de døde. Joh 11,38-44.
  - 8) Jesus vekker opp Jairus' datter fra de døde. Mrk 5,35-42.
  - 9) Jesus metter 5000 i ødemarken. Matt 14,15-20.
  - 10) Jesus går på vannet. Matt 14,25-26.
  - 11) Jesus på forklarelaens berg. Matt 19,1-3.
  - 12) Jesus ber i Getsemene. Matt 26,36-39.
  - 13) Jesus blir korifestet. Matt 27,35.
  - 14) Jesus står opp fra de døde. Matt 28,6.

### Du lever

Du rusler gjennom skogen,  
med sol på hendene dine  
som varmen av blyge kjærtagn.  
Da trår du på en kongle på stien,  
kjerner det mjuke trykket av den  
gjennom sålen på skoen din.  
En liten hendelse, så liten  
at det nesten er ingenting.  
Men vær hos den  
med hele ditt menneske.  
For det hender deg på Jorden dette.  
Du lever. Lever.

Hans Børli



| Bruflat kyrkje         |            |
|------------------------|------------|
| Ingrid Bratvold Rotnes | 25.06.2023 |
| Iver Øien-Lunde        | 02.07.2023 |
| Maria Fjeld            | 27.08.2023 |
| Nord-Etnedal           |            |
| Even Hagasæt Gjevre    | 18.06.2023 |



| Bruflat                              |            |
|--------------------------------------|------------|
| Marianne Fauske og Henning Byfuglien | 24.06.2023 |
| Gine Lundstein og Eivind Fosheim     | 19.08.2023 |



| Bruflat sokn            | Død        | Gravferdshandling |
|-------------------------|------------|-------------------|
| Torunn Johanna Landmark | 06.07.2023 | 19.07.2023        |
| Agnes Synnøve Engelen   | 24.07.2023 | 04.08.2023        |
| Martin Hestekind        | 25.07.2023 | 03.08.2023        |
| Eivind Rundberg         | 04.08.2023 | 10.08.2023        |
| Arvid Bjørnødegård      | 05.09.2023 | 15.09.2023        |

| Nord – Etnedal sokn |            |
|---------------------|------------|
| Ida Kristine Fauske | 20.07.2023 |

## VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



### 24. september – 17. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Joh. 11, 17-19 og 30-46  
kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Sang- og musikkgudsteneste. Takkoffer til Norsk Lærarakademi

### 1.oktober – 18. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Matt. 8, 14-17  
kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. 50-årskonfirmantjubileum Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til konfirmantarbeidet i kyrkjelyden.

### 8. oktober – Inga gudsteneste

15. oktober – 20. søndag i treiningstida  
Preiketekst: Joh. 11, 1-5  
kl. 19.00 Nord-Etnedal kyrkje. Takkoffer til TV-aksjonen

### 22. oktober – 21. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Matt. 22, 15-22  
kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til TV - aksjonen

### 29. oktober – Bots- og bededag

Preiketekst: Luk. 13. 22-30  
kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Utdeling av 4- og 2-årsbok. Takkoffer til Norea mediemisjon.

### 5. november - Alle helgens dag

Preiketekst: Matt. 5, 1-2  
kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd  
Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd

### 12. november – inga gudsteneste

19. november – 23. søndag i treeiningstida  
Preiketekst: Mark. 10, 28-31  
kl. 11.00 Bruflat kyrkje.

Takkoffer til Kirkens SOS

### 26. november – Kristi kongedag

Preiketekst: Matt. 31-46  
kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til Den norske Sjømannskirken.

### 3. desember – 1. søndag i advent

Preiketekst: Luk. 4, 16-22a  
kl. 16.00 Bruflat Lysmesse.  
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge

### 10. desember – 2. søndag i advent

Preiketekst: Luk. 21, 27-36  
kl. 16.00 Nord-Etnedal kyrkje. Lysmesse.  
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge.

### Tysdag 12. desember

Kl. 18.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Kulturskulekonsert

### Torsdag 14. desember


Kl. 19.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Julekonsert med korps og kor

### Søndag 17. desember

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje.  
Julekonsert med korps og kor

Med etterhald om eventuelle endringer  
Gudstenestene blir annonser i avis Valdres, på heimesida vår; Kyrkja.no/Etnedal  
og på face-book-sida Kyrkja i Etnedal

**Stoff til neste KyrkjeVarde;**  
**seinast 15. november**



## GLEDE

Eg vakna  
ein morgen  
og kjende meg glad

eg tralla og song  
då eg tok meg eit bad  
eg levde  
eg pusta  
eg virvla ikring

- eg dansa av glede  
for alt  
og ingenting...

Ingalis.